



Arkivnr: 2014/193-19  
Saksbehandlar: Frode Mannsåker

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet		23.10.2015

### Revisjon av retningsliner for AKAN-arbeid

#### Samandrag

Retningsliner for AKAN-arbeid i HFK vart grundig revidert i 2014. Fylkesrådmannen vil i denne saka fremje ei mindre revidering, som dels gjeld nye nemningar (HR-seksjonen, Bedriftshelsetenesta) og dels ei oppmjuking av regelen om at berre fastlege kan sjukmelde i eit individuelt AKAN-opplegg. Revisjonen er tilrådd av sentralt AKAN-utval.

#### Forslag til vedtak

HAMU godkjenner dei reviderte retningslinene for AKAN-arbeid i HFK.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Retningsliner for AKAN-arbeid
- 2 AKAN-skjema første åtvaring
- 3 AKAN-skjema andre åtvaring
- 4 AKAN-skjema tredje åtvaring
- 5 AKAN-skjema standardavtale

## Fylkesrådmannen, 07.10.2015

Retningslinene for AKAN-arbeid i Hordaland fylkeskommune vart sist revidert i 2014, og godkjend i HAMU 24. oktober 2014.

Denne revisjonen som no ligg føre er av mindre omfang, og har samanheng med to forhold:

1. Omorganiseringa av Organisasjonsavdelinga i 2015, der Personalseksjonen har endra namn til HR-seksjonen, og der HMT-seksjonen er omgjort til Bedriftshelsetenesta, som ei eining i HR-seksjonen. Desse namneendringane er no ført inn i dei reviderte AKAN-retningslinene med tilhøyrande malar.

2. Bedriftslegen har tilrådd ei oppmyking av regelen om sjukmelding i eit individuelt AKAN-opplegg. I retningslinene side 5, andre avsnitt, og i skjema for standardavtale, har det til no stått at «berre fastlegen kan gi sjukmelding» når ein tilsett med rusproblem går inn i eit AKAN-opplegg. Det sentrale AKAN-utvalet har drøfta dette punktet, og slutta seg til synspunkta frå bedriftslegen om at også andre enn fastlegen skal kunne sjukmelde den tilsette, så lenge det er i tråd med det individuelle opplegget som er avtalt skriftleg mellom dei aktuelle aktørane, jf. skjema for standardavtale for individuelle AKAN-opplegg som ligg i Kvalitetsportalen

Det sentrale AKAN-utvalet fatta følgjande vedtak i møtet 22.09.15:

Dei føreslåtte endringane vert godkjende og meldt til HAMU.

Andre setning i andre avsnitt på side 5 skal lyde:

«Ved behov for sjukmelding skal ein primært nytte fastlegen, eventuelt bedriftslegen eller annan lege i tråd med det individuelle opplegget»

Fylkesrådmannen seier seg einig i denne tilrådinga frå det sentrale AKAN-utvalet, og ber HAMU om å godkjenne dei reviderte retningslinene for AKAN-arbeid i HFK. Det vert vist til vedlagte retningslinjer og AKAN-skjema, der endringane er markert med gult.